

sfvlpost@statsforvalteren.no

Førde, 13.03.2024

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane og Birdlife Sogn og Fjordane.

Fråsegn til søknad om anleggsarbeid og utfylling i sjø ved Skårastranda, Kinn kommune 2024/2809.

Forum for natur og friluftsliv SFJ

Nordplan AS ynskjer å fylle ut eit område ved Skårastranda, rett nord for Måløy i Kinn Kommune, for etablering av kaianlegg og næringsområde i sjø og på land.

Oppsummering

Forum for natur og friluftsliv meina at:

- utfylling i sjø ved Skårastranda i Måløy ikkje bør tillatast etter forureiningslova.
- området bør omregulerast (planvask!) til å vere meir i tråd med dagens behov då det vart regulert for industri for over 20 år sidan.
- naturverdiar i strandsone og grunnvatn må få større vern i Kinn kommune, då dette er viktige naturtypar for dyrelivet i fjordane og havet vårt og det er spesielle forbod mot nedbygging av strandsone på grunn av naturverdiar og befolkninga si rett til ferdsel i strandsona.
- forboda mot utbygging i strandsona og utfylling i sjø bør overhaldast når effekten er negativ for miljøet, som her.
- naturverdiar som vil bli negativt påverka er blant anna – og så langt vi veit - Tareskog i Ulvesundet og raudlista fugleartar som storskarv, ærfugl og fiskemåke på Leistholmen.
- rapporten frå 2022 er ufullstendig og det burde gjerast grundigare undersøkingar som inkluderer feltarbeid før ein kan bruke den som kunnskapsgrunnlag for søknaden
- vi har forbod skal beskytte strandsone og grunnvassområder som er viktige naturhabitat som Kinn kommune har mykje av, og bør ta eit større ansvar for å verne.
- ein må få inn meir vern av strandsone og utfylling i sjø i arealplanen i Kinn kommune, dette har FNF Sfj sendt i eige innspel til Kommunen sin Arealplan som var på høyring i 2023.



Kommentar til planstatus Skårastranda

Området er i gjeldande KPA, avsett til framtidig industri. Men det må poengterast at denne er frå 2002, og det i dag er eit sterkt behov for å gjennomgå gamle planreguleringar og endre dei til dagens behov. Fokuset i dag må være større på bevaring av naturområde. Noreg har forplikta seg til vern av naturområdet både på land og i sjø gjennom internasjonale avtalar (Naturavtalen) og ein bør spesielt ta vare på områder i strandsona og grunnvassareal der det finst viktige habitat for fisken vi er så avhengig av.

Vi vil ta fram to generelle forbod som av denne grunn er bestemt, og vi ynskjer at dei skal takast til følgje og naturverdiar skal vekte betydeleg tyngre enn det har gjort hittil i Kinn kommune:

Forbod mot utbygging i strandsona er eit forbod fordi strandsona er under stort utbyggingspress. Noko som er eit særleg problem i Kinn kommune, som har mykje viktige strandsone- og grunnvassareal.

Strandsona er viktig å bevare for å sikre befolkninga sin tilgang til strandsona og den har viktige naturverdiar som må bevarast. Derfor er det viktig å tenke heilheit når ein forvaltar desse områda, og lagar arealplanar i kommunane, for å unngå bit-for-bit-nedbygging i form av dispensasjonar.

Utfylling i sjø er i utgangspunktet forbode fordi det har store negative effektar for miljøet, som her.

Kommentarer til kunnskapsgrunnlaget for søknaden

I det aktuelle området Skårastranda er det dokumenterte og observerte naturverdiar som Forum for natur og friluftsliv meiner må få mykje større vern enn dei har i dag.

Ein rapport om Naturmangfald frå 2021 er lagt ved søknaden om utfylling, men rapporten er

«ein forenkla form for konsekvensutredning og kan ikkje reknast som ein fullverdig konsekvensutredning etter krava i KU-forskrifta».

FNF stiller spørsmål ved poenget med ein slik rapport om den ikkje skal dekke det kunnskapsgrunnlaget som er nødvendig for å ta avgjerelser på rett grunnlag – med det meiner vi at denne rapporten burde vere grundigare.

Det står blant anna at det ikkje er gjort noko form for feltundersøking i området.

Rapporten dokumenterer *likevel* viktige naturtyper, som Forum for natur og friluftsliv ynskjer skal få større omsyn, og at det derfor ikkje må gis tillatelse til utfylling i sjø.

Naturverdiar nemnd i rapporten frå 2021: Tareskog i Ulvesundet

Utdrag frå rapporten: «Skårastranda ligger på vestsiden av Ulvesundet, rett nord for Måløy, og planområdet omfatter for det meste eksisterende næringsområde på land, sjøarealer, samt en liten holme; Leistholmen. De største verdiene for naturmangfold er knyttet til registrerte tareskogforekomster i Ulvesundet som er vurdert som viktige (B-verdi), dette tilsier stor verdi.

Utfyllingen ved Skårastranda vil redusere arealet med tareskog i Ulvesundet med ca. 20 %. Dette gir påvirkningsgraden forringet og med stor verdi gir dette betydelig miljøskade (--) for tareskog i Ulvesundet (delområde 1) i driftsfasen».

Naturverdiar nemnd i rapporten frå 2021: Artar: Habitat for både vanlege og rødlisterartar

De rødlistede fugleartene storskarv, ærfugl og fiskemåke er observert på Leistholmen, men det er ikke kjent at noen av artene har holmen som en fast hekkelokalitet. Det er derfor ikke grunnlag for å avgrense økologiske funksjonsområder for arter i influensområdet, men naturområder uten tekniske inngrep vurderes generelt å ha noe verdi som habitat for ulike arter.

Arealbeslaget vil splitte opp og/eller forringe arealer slik at funksjoner ødelegges og er dermed vurdert å medføre sterk forringelse, siden også hele Leistholmen vil gå tapt som følge av utbyggingen. Når nytt næringsområde er etablert vil det bli mer støy, trafikk og belysning i området. Samlet vurderes kombinasjonen av arealbeslag, økt støy, trafikk og lysforurensing å kunne gi sterk forringelse av funksjonsområder for vanlige arter i influensområdet. Med noe verdi gir dette noe miljøskade (-) for leveområder for arter i influensområdet (delområde 2) i driftsfasen.

I anleggsfasen vil deponering av utsprengte steinmasser medføre avrenning av steinstøv og sprengstoffrester og oppvirvling av partikler fra stedegent sediment når de deponerte massene treffer sedimentbunn. Dette kan ha betydelige fysiske effekter på plante- og dyreliv.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

Kjelder:

Naturavtalen

<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/naturavtalen/id2986497/>

Forbod mot utbygging i strandsona

<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/friluftsliv/innsiktsartikler-friluftsliv/strandsonen/id2076261/>

Forbod mot utfylling i sjø

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vann-hav-og-kyst/mudre-dumpe-utfylling/>

